

Helge Fimland

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/2102 - 17/20742

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
11.07.2017

Mellombels svar på søknad om utvida bruk av avkjørsle frå kommunal veg - gbnr 37/47 Myking

Teknisk drift syner til brev, datert 02.07.17, vedkomande søknad om utvida bruk av eksisterande avkjørsle frå kommunal veg - gbnr 37/47 Myking.

Innsendt søknad kan ikkje handsamast slik den ligg føre. Avkjørsle som det søkast utvida bruk av, er ikkje ei godkjent avkjørsle. Teknisk drift kan ikkje gje løyve til etablering av ny avkjørsle til bustad her. Orsaka til dette er at avkjørsla vil komme for nær godkjent avkjørsle til gbnr 37/18. Dersom De ønskjer, kan De søke om utvida bruk av den godkjente avkjørsle. Privatrettsleg avtale om bruk av avkjørsla må da være på plass.

Ønskjer De å søke om ny avkjørsle for bustad på gbnr 37/47 må det være god avstand mellom eksisterande avkjørsle og ny avkjørsle. Avkjørsla bør òg kunne nyttast som tilkomstveg til gbnr 37/9, 17, 39 og 48. Situasjonkart med plassering av avkjørsle må leggest ved søknad. Situasjonkart skal vise avkjørsla sin svingradius og siktsone.

Saka vert lagt på vent inntil ny søknad ligg føre.

Med helsing

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Lindås kommune ved byggesak

Mottakarar:

Helge Fimland

